

BOKN BYGDABLAÐ

NR. 8 - OKTOBER 1992 - ARG. 7

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR

FORELDRE UROLEGE FOR BARNEHAGEPOLITIKKEN

BARNEHAGEN, MANGE NOK?


Som foreldre til barn i barnehagen ser me det som viktig å gi ut informasjon om drifta og tilhøva i barnehagen til dei som ikkje har tilknytning til denne. Viser også til ope brev til barnehagenemnda som bakgrunn for dette.

Bokn barnehage har desse avdelingane:

1: 0-5 års avdeling - heildag 7.30 - 15.45. Her får ein frå 1.12.92 16 barn. (herav 2 under eitt år, 2 eittåringar og 3 toåringar). Til saman har ein 3 heile stillingar på denne avdelinga. Ein stilling vert delt av to personar.

2: 3-5 års avdeling - halvdag 9.30 - 15.00 2 eller 3 dagar i veka. Denne har 6 barn. Her er tilsett ein vaksen i 42% stilling.

3: 6 års avdelinga (førskulen) på skulen 7.30 - 15.45. Til saman 9 barn med ulik opphaldstid. I tillegg til 6-åringane, tek 6 årsavdelinga seg også av barna i skulefritidsordninga. (7.30 - 8.30 og 12.10 - 15.45).



Denne har 9 barn med ulik opphaldstid. Her er to tilsette, ein i heil og ein i 72% stilling.

Styrrar har kontor/administrasjonstid på skulen (1/2 stilling).

Bokn kommune har fire lærlingar i omsorgsarbeid. Lærlingane skal ha praksis i barnehage, skule, sjukeheim og open omsorg i tillegg til at dei går på skule i periodar. Desse er såleis inne i korte periodar i dei ulike avdelingane. Dei skal då ha opplæring og veiledning på praksisplassen.

framh. neste s.

Me som foreldre ser med stigande uro på utviklinga av barnehagepolitikken i Bokn kommune. Stigande etterspurnad etter barnehageplasser har ført til at for mange barn vert pressa inn i barnehagen (jamfør opptaksreglane). Dette trass i vanskelege romtilhøve, mangel på kvalifisert personale og stram økonomi.

Me krev:

1. Barnehagen må få økonomiske rammer til å gjere det beste ut av noverande situasjon (event. deling av gruppa).
2. Opptaksreglane må endras slik at ein frå neste barnehageår får ein forsvarleg gruppestorleik (18 plassar) og ei fast barnegruppe gjennom året (eit opptak). (Jamfør praksis i andre kommunar, lovar og planar for drift av barnehagar.)
3. Det vert lagt til rette for å få kvalifisert personale i leiande stillingar (faste og heile stillingar, vurdering av arbeidstilhøve og løn.)
4. Kommunen må setje i gang planlegging for å kunne utvide barnehagekapasiteten NO og få inn dei naudsynte investeringane på budsjett og langtidsbudsjett.

Dersom dette ikkje skjer må ein ta konsekvensane av at kapasiteten er sprengt. Å ise søkjarar, slutte å bruke barnehageplass som lokkemiddel i stillingsannonser og innstille seg på at det vert vanskeleg å få kvalifisert personale.

Foreldra vil følgje nøye med på kommunen sin bruk av barnehageplasser i si markedsføring,


Me ber om at dette brevet vert lagt ved handlingsplanen for barnehagen i den vidare handsaminga.

Helsing foreldra ved 0-5 års avdelinga, ved arbeidsutvalet, Jorunn, Ove og Bodil.

KVA VIL DEI POLITISKE PARTIA ?

På barnehagenemndsmøtet 22.09 (barnehagenemnda=skulestyret) prøvde me som foreldre å finne ut korleis dei ulike partia ser på drifta av og eventuell utviding av barnehagen. Nokre av utsegnene var sprikande, uklare og prega av personlege oppfatningar. Betyr dei programma som partia gjekk til val på ingenting? Me vil be dei ulike partia klargjere sine syn, gjerne i bygdabladet.

Helsing foreldre (0-5 og 3-5) ved arb.utv.





OPERASJON DAGSVERK (OD) VED BOKN SKULE

Operasjon dagsverk er ein aksjon som begynte i 1964 med det for sikte å skaffe pengar til utdanningstiltak for ungdom frå den tredje verda. Mottoet for OD er "Ungdom hjelper ungdom", og grunntanken er at ungdom skal gje ein dags arbeidsinnsats for jamaldringar i fattigare land. Det er ikkje meininga å tigge om pengar, -dei som er med på aksjonen skal arbeide for lønna.

OD 1992

Tema for aksjonen i år er "500 år etter Columbus - indiansk utdanning på egne premisser". Prosjektlanda er Bolivia, Equador, Costa-Rica og Brasil. Pengane som vert jobba inn under årets aksjon vil bli brukte i prosjekt som er retta inn mot indianarane i desse

landa. Prosjekta tek sikte på å utdanna unge indianarar slik at dei aktivt kan vera istand til å forme sin eigen kvardag i eit storsamfunn, og samstundes ivareta sin indianske identitet. Som vanleg i OD-samanheng, er det ungdom og utdanning som er stikkorda for prosjekta.

GODE BOKNARAR, - me treng hjelp

Ungdomssteget ved Bokn skule skal også i år delta i OD-aksjonen, og me har dermed 34 ungdommar som treng arbeid torsdag 22. oktober.

Har du ein jobb å tilby, er du med på å hjelpe. Elevane skal jobbe ein skuledag, og minstelønna for dette er 175 kroner. Det er sjølvsagt mogleg å betale meir, men elevane sjølve skal ikkje ha noko. Alt dei tener skal gå uavkorta til aksjonen. All slags arbeid er aktuelt, rydding, vasking, barnepass, hagearbeid, potetplukking osv.

Dersom du har arbeid til ein OD-arbeidar den 22. oktober, ta kontakt med skulen snarast.

Me takkar for hjelpa!

For OD-aksjonen

Brit Opsal

BOKN SJUKESTOVE

SØKJER FYLKESLEGEN OM Å HA OVERBELEGG

Pleie- og omsorgstenesta i Bokn kommune har vendt seg til Fylkeslegen i Rogaland og søkt om å kunna ha meir enn ein pasient på enkelte rom inntil det er utbygd tilstrekkeleg kapasitet ved sjukestova.

Det har nå i lengre tid vist seg å vera eit større press av pleietrengande som har behov for institusjonsplass, og

sjukestova er berre godkjend for 7 plasser.

Som kjent foregår det nå planlegging for utviding av sjukestova, og i søknaden har ein bede om dispensasjon for plasstalet inntil utbygging har funne stad.

Det er ennå ikkje kome svar på søknaden.

NMS 150 ÅR

Sundag 6 sept vart ein minnedag i Det Norske Misjonselskaps 150 årige historie på Bokn.

"Kirkebygden" misjonsforening feira års dagen med fin fest på Bokn bedehus.

100 årsfesten vart og halden på same huset ein fin sommardag i 1942. Tenk 200 festdeltakarar midt i krigens dagar. Må få lov å undrast, og nemna det. Dei som pumpa primusar og styrte "ståket" er borte dei fleste, men yngre deltakerar gløymte det aldri. Kva sa gamle Ivar Aasen? Jau. "Det er så mange hendingar i bgdom komne til, me sjå så mange vendingar alt på eit lite bel".

Akkurat det var tråden som batt programmet på festen saman. Misjonsprest Rolf Arne Tjøsvoll tok oss med til Taiwan der han hadde vore i 4 år.

Eit land i rivande industriell utvikling, men ei tung misjonsmark. Folket sterkt forandra i forskjellige religionar. Arbeidsdagen og like eins skuledagen er mykje mykje lenger enn her hos oss. Dermed er det vanskeleg å samla folket til gudsteneste, eller møter som misjonen bed inn til. Trur knapt dei gjorde anna enn å arbeide og sova der på øya, samt dyrka sin religion.

Tjøsvoll kom og inn på kor stor forskjell det er på reisemåten og livstilhøva for ein misjoner før og nå. Eit godt innblikk i pionertida for våre misjonerar, og den moderne tid me har nå, gav han oss.

"Boknagutane" sang, festlyden sang, Gunvor Øvrebø styrte det heile, takka og bad til bords. Fint dekket bord, god mat og kaffi venta i matsalen. Gjett om det vart kaffiradl. Vel oppe i møtesalen var det Finn Bårdsen sin tur ved kateteret, og han kan N.M.S på heimebane i Stavanger, der dei styrde og bestemte. Misjonsarbeid på alle plan, frå grasrot til toppen, utdanning og utreiser. Takk og lev vel på strandkaia såg me for vårt indre auga. Kvelden gjekk altfor fort. Målfrid vår eiga "fru Bokn" var siste mann ut på programmet. Ho fekk farge og liv over foreningskånene med rokk, ull og fine fine forkle, lys på kaffibordet, 10 små barnehender i beste Kro sin faste arbeidsneve på veg til basar i kjøkken og stova til Kristine og Torvald i Øvrabøvågen. 2 øre loddet. Ein gevinst var ein bolleboks laga til det praktiskaste bærspann av Albert og Erik - historie nå. Livet gjekk vidare inn i barneforeninga. Det var god skule, der fekk små og store gjenter lære sy, hekla, strikka og noko som heitte gimpo. Utruleg alt som har hendt i livet for ei som hugsar arbeidet i misjonen si teneste så godt gjennom mange år.

Den gamle misjonsbørsa blir brukt den dag i dag på Austre Bokn til oppbevaring av foreninga sine møtepengear. Ho er friska opp av han Albert med sølvbronse på utsida. Han tykte ho var så trist i leten fortalde Målfrid. Ho fekk stor applaus for sin eigen måte å fortelja på.

Til sist var det misjonsoffer. Gunvor Øvrebø takka for gåva, og takka alle som hadde vore med og gjort sitt til at festen vart så gild.

MINNEORD

Bygdabladet har ikkje hatt nokon fast praksis med minneord om folk som er døde i kommunen. Ein har enkelte gonger hatt minneord om folk som på ein eller annan måte har vore særleg godt kjende i bygda, eller som har gjort ein spesiell innsats t. d. i politisk arbeid eller på annan måte.

Ein vil frå nå av prøva å få skriva minneord etter dei som går bort.

Hallvard Laupland er død nær 80 år gamal. Han var fødd og oppvaksen på garden Laupland og var den yngste av fire sysken. Som så mange andre i den tida han vaks opp, måtte han ta del i gardsarbeidet, og mellom onnene vart det fisket.

I ein kortare periode var han også mannskap på "Nattruta".

Men dei aller fleste hugsar nok best han Hallvard som kommunekasserar. Ei stilling han hadde i 22 1/2 år, frå 1.12.58 til han gjekk av med pensjon 1.06.81.

I arbeidet var han ein dugande, pliktoppfyllande og påliteleg person som sette si æra i å gjera ein god jobb.

Ein kan vel seia det slik, at hadde alle hatt den moralske og etiske haldninga som Hallvard hadde, ville begrep som misligheter og utruskap i arbeidet vore ukjende.

Ein god sambygding og eit godt medmenneske er gått bort.

INFORMASJON FRÅ HELSESTASJONEN:

NY VAKSINE I NOREG



Helsestyresmaktene har vedteke å innføre ein ny vaksine i barnevaksineprogrammet her i landet. Det vil skje frå 1. november.

Vaksinen kallest Hib-vaksine, som står for bakterien Haemophilus influenza type B (Hib). Denne bakterien er årsaken til flest alvorlege infeksjonar hos små born. Kvart år har vi vel 200 tilfelle av hjernehinnebetennelse eller ein annan alvorleg infeksjon som Hib er årsak til. Minst 75% av dei som er sjuke er under 5 år.

Vaksinen vert eit tilbod til alle born under 3 år.

Vaksinen har vist seg å gje lite biverknader.

I Finland og Island har dei brukt vaksinen ei stund og dei har mest ikkje infeksjonar av bakterien Hib.

Foreldre som er interesserte og vil ha fleire opplysningar kan ta kontakt med helsestasjonen.

Det er utarbeidd ein foreldre brosjyre om denne nye vaksinen. Elles vil alle som kjem innom etter det vanlege programmet få informasjon om vaksinen.

Helsing frå helsestasjonen

Marie

HALSNØYLEIREN 1992

Fredag 31.juli sette 39 forventningsfulle speidarar og leiarar kursen mot Halsnøy Kloster.Somme av oss køyrde i egne bilar,mens dei andre kom fram med organisert foreldretransport og westamaranen.

Me som køyrde i eigen bil kom fyrst fram,slik at me kunne frakta ned ein del bagasje til leirområdet.Heldigvis hadde me kjempebra vær under oppbygginga av leiren.Det var mange tunge løft som skulle fraktast frå vegen og ned til den staden som Bokn KFUM/KFUK hadde fått tilvist.Då alle speidarane frå fellestransporten kom;var oppbygginga av leiren i god gong-og innan kvelden var det meste unnagjort.

Maten på leiren trur eg ikkje det er mange som kan klaga på,korkje når det gjeld utval eller mengde.All den varme maten og vatn til oppvasken blei laga på grue,men det gjekk fint.

Dagane var fylte med eit variert program,så alle hadde sitt å ta del i.Det fine været varte diverre ikkje lenge.Etter ei tid kom regnbygene,og joggesko blei bytta ut med støvlar og oljehyre.Det som før hadde vore fine grasmarker endra seg etter kvart til å bli ei einaste stor gjørmehole.Det siste ein tok av seg om kvelden før ein kraup inn i teltet var støvlane og oljehyra,og det første ein tok på seg om morgonen var dei same,møkkete støvlane og oljehyra-og heile tida hølja det ned.

Etter kvart skifta støvlar og oljehyre farge.Alt blei brunt.Same kvar ein gjekk så skvatt sorpa.Morgon og kveldsvasken tok kortare og kortare tid etter kvart-kven har lyst til å ta ein grundig kroppsvask i ein sorpepøl mens regnet lavar ned?

Men likevel-humøret heldt seg for det meste;trass i det dårlege været.Me prøvde etter kvart å grave veiter i leiren for å kvitta oss med det meste av vatnet,men lite hjalp.Me bar sågar bømmevis med sand frå stranda og strødde i leiren.Det hjalp berre ei stund.

Så kom meldinga om at haiken var avblåst-og mange var nok glade for den avgjerda.Dei kunne ikkje tenke seg å tilbringe ei natt ute i slikt vær.

I helga fekk me besøk av ein del mødre og fedre som hoppa over dei verste gjørmehola for å komme ned til det leirområdet som tilhørde boknarane.Der fekk dei sjå sine "håpefulle" i full mundur;med støvlar nedst-og hetta på oljehyra ramma inn hovudet i den andre enden.


Fleire tenkte nok at no kan det ikkje bli verre-men det blei det.No regna det heile tida,og alle presenningane me hadde teke med oss gjorde god nytte.Dei tok av for det meste av regnet,slik at dei fleste telta var tørre.

Så fekk me melding om at leiren skulle blåsast av før tida.Det var nok mange som såg fram til at me kunne ta til med pakkinga av ryggsekkene og nedrigginga av leiren.Jammen vart det travelt siste dagen,sjølv om me førebudde rivinga av leiren godt dagen før.Det er nemleg stor skilnad på å rive byggverka i finvær mot å gjere det same mens ein vandrar rundt i eit gjørmehol.På slutten virka det som om det var jentene det var mest tæl i.Medan some av gutane bar på eit par tynne greiner kvar opp til vegen,så møtte dei jentene som saman bar lange og tunge stokkar.Men-ein skal ikkje greie alle gutane under ein kam heller-det var somme som synta kva stoff dei var laga av og som verkeleg tok i eit tak for å bli ferdige i tide.

Så bar det til slutt på heimvegen då,men ikkje ein gong no kunne været vise seg frå ei betre side.Det auste ned som aldri før.

I dagane etter heimkomsten var det ikkje vanskeleg å høyra kvar det budde speidarar.Det var berre å gå etter lyden av vaskemaskinar som gjekk uavbrutt-eller ta ein titt på klesnora om der hang eit oljesett til spyling.

Arvid.



KJÆRE BOKVENNER

SJÅ ETTER I BOKHYLLA DI,
KANSJE DU HAR BØKER DU
SKULLE VORE ATTENDE MED ?

OPNINGSTIDER:

TIRSDAG: 10 - 13.30

ONSDAG : 16 - 19.00

TORSDAG: 10 - 13.30

BARN OG UNGDOM

Askelund, Bjørg:
Å, herregud, Gabrielle

Belsvik, Rune:
Dustefjerten og det
store bekketeateret

Haagensrud, Grete:
Sofie og Kathrine 2

Sem, Gunnar:
Det spøker på Akershus

VAKSNE

Carling, Finn:
Antilopens øyne

Follett, Ken:
Natt over havet

Heggland, Johannes:
Det stutte livet

Lønnebotn, Ingri:
Alene, mot himmelen



LES NOE :

Fra
første stund

Fantastisk

Skrekkelig

Spennende

BOLIGSPARING MED SKATTEFRADRAK FOR UNGDOM

Ordningen gjelder alle under 34 år.

NÅ KAN BOLIGDRØMMEN DIN GÅ I OPPFYLLELSE

- 20% skattefradrag på sparing.
- Høyrentevilkår.
- Lånerett.
- Totalfinansiering.

**La oss bygge framtiden
sammen!**



FØRSTEHJELPSKURS

Bokn Røde Kors Hjelpekorps skal starte opp et førstehjelpskurs på 27 timer. Kurset vil gå kvar onsdag fra 14. Oktober frem til 2. Desember.

Kursavgiften er satt til kr 50,- som da dekker læreboka.

Kursstedet blir Allrommet Boknatun.

Kurset er åpent for alle som kan tenke seg å lære grunnreglene for effektiv førstehjelp og gjenoppliving. For at vi skal få et noenlunde antall er det ønskelig at en melder seg på. Helst før 8. Oktober slik at vi kan bestille nok lærebøker.

Påmelding til:

tlf: 04 74 83 59 Torleif

" 04 74 83 81 Jon Andreas

NY RENOVASJONSORDNING I BOKN

Bokn kommune har søkt om medlemsskap i Toraneset Renovasjonsselskap. Søknaden er behandla i Toraneset og er no ute til godkjenning i medlemskommunane. Ein reknar med at medlemsskapet går i orden. Det er søkt om medlemsskap frå 1.1.1993.

Dette fører til at det frå nyttår blir innført tvungen renovasjon i Bokn kommune. Dette gjeld og for hytter. Det blir sett ut container for glas, papir og småbatteri ein plass i kommunen. Bosscontainerar blir sett ut fleire stader til bruk for hytter. Desse kan og tena som avlastning for vanlege hushaldningar når bossekken blir for liten. Dei containerane me har frå før i Bokn må bytast ut da dei ikkje kan nyttast av bossbilane. Forretningar, næringsliv o.a. som har bosscontainer no eller ynskjer å ha når ordninga kjem i gong må bestilla nye snarast (kontakt teknisk etat). Bosstativa som vanlege hushaldningar har kan framleis brukast. tativa må byggast opp med eitkvart (



mursteinar e.l.) da sekkene Toraneset brukar er noko kortare. Toraneset har rikeligt lager av nye stativ til hushaldningar så desse treng ikkje bestillast enno. Kor vidt nye abbonantar vil kjøpa stativ eller klara seg med berre sekker er opp til dei, men dei er gode å ha.

Det blir sendt ut ny informasjon seinare.

Teknisk etat.

SPØRJEUNDERSØKING OM NÆRMILJØET

I første del av oktober vil alle mellom 18 og 71 år få tilsent ei større spørjeundersøking om forhold i nærmiljøet.

Det er kommunehelsetenesta i Bokn saman med Fylkeslegen i Rogaland og Senter for Sosialt Nettverk og Helse (Sosialdepartementet) som er ansvarlege for undersøkinga.

Spørjeundersøkinga er godkjent av Datatilsynet, og det er Senter for Sosialt Nettverk og Helse som er registeransvarlege.

Det ligg frankert svarkonvolutt ved sendinga, som skal returnerast til Senter for Sosialt Nettverk og Helse.

Kommunehelsetenesta vil ikkje få tilgang på svar frå enkeltpersonar.

Ein reknar med at undersøkinga vil gi kunnskapar om nærmiljøet som kan brukast i arbeidet med å få ei positiv utvikling. Det er gitt signal om at ein kan få statlege midlar for å setja i gong prøveprosjekt for å betra nærmiljøet.

MANGE MILLIONÆRAR

Formuetoppen i Bokn:

1	Økland, Karl Håkon	2.216.000
2	Alvestad, Magne	2.208.000
3	Alvestad, Tor	1.802.000
4	Våga, Sigvart	1.350.000
5	Are, Ingolf B.	1.345.000
6	Svendsen, Sigurd J.	1.340.000
7	Nygaard, Harald	1.302.000
8	Øvrebø, Edvin	1.183.000
9	Grønnestad, Math.	1.087.000
10	Lygre, Berge	1.086.000

Inntektstoppen i Bokn:

1	Alvestad, Ingvar	649.200
2	Øvrebø, Ole	404.700
3	Alvestad, Alf	386.900
4	Våge, Edgar	370.500
5	Nilssen, Helge K.	352.300
6	Våga, Sigvart	350.500
7	Vatnaland, Rune	347.900
8	Christiansen, Geir	345.500
9	Nilssen, Arild	343.100
10	Bokneberg, Magne	342.800

TILDELING AV TOMTER

Føresvik: Rune Frøiland
Hålandssjøen: Jan Inge
Eide/Kristin Are
Hålandssjøen: Asbjørn
Angeltveit

NYE BYGGELØYVE

FOR BUSTADER:

Mai Bente Alvestad (Alvestad
Sør)
Eva Moi Eikje/Erik Eikje
(Ognøy)
Jorunn Haukås/Magnar Haga
(Hålandssjøen)



**BOKN
KOMMUNE**

LEDIGE SJUKEPLEIARSTILLINGAR

- VIKAR FOR AVDELINGSSJUKEPLEIAR I FULL STILLING FRÅ 30.11.92 - 20.09.93
- VIKAR FOR AVDELINGSSJUKEPLEIAR I FULL STILLING FRÅ 19.01.93 - 05.10.93
- 2 AVDELINGSSJUKEPLEIARAR I 64% STILLINGAR (NATT) (Under forutsetnad av kommunestyret si godkjenning 75,36% frå 01.01.93)

Arbeidsområdet for sjukepleiar er innafor modellen med samordna tenester. Arbeidsoppdraga kan difor variera ein god del med arbeid både i sjukeheim, åpen omsorg og ved legekantor. Det krevs god evne til samarbeid med fleire faggrupper. Arbeidet er i turnus med vakt kvar 3. helg. Ein må kunna disponera bil i arbeidet.

Tilsetjing på vanlege kommunale vilkår.

Tilsette må retta seg etter ev. endringar i arbeidsområdet.

Bokn kommune kan hjelpa til med å skaffa bustad.

Avdelingssjukepleiar er løna etter st.k.7021 - LR 26 i ltr.14 (24).

Andre enn utdanna sjukepleiarar kan søkja stillingane og få tilsetjing for eit avgrensa tidsrom.

Opplysningar om stillingane får ein ved å venda seg til pleier- og omsorgssjef eller oversjukepleiar, tlf 04 - 74 85 00 linje 125 eller 121.

Søknad med avskrift av attestar og vitnemål sender ein til Bokn kommune, tilsetjingsutvalet, 4290 Bokn innan 10.10.92.

Rådmannen

A & O VIDEO I NYE LOKALE

A & O VIDEO har flytta drifta av kontoret til Bokn Bygg sine lokale på Hognaland. Ca. 65 kvm. er dei to romma på tilsaman, fordelt på 18 kvm. kontor og 47 kvm. studio. Firmaet skal satsa meir opp imot bedrifter og lokal-TV enn tidlegare, men vil oppretthalda servicen til privatkundar, med tanke på kopiering av smalfilm og redigering av private opptak på video. A & O VIDEO har også gått til innkjøp av noko nytt utstyr som er svært avansert samanlikna med det "gamle".

OVE ALVESTAD

UT AV AP

Brev til bygdabladet:

- Som folkevald skuldar eg å gjere merksam på at eg ikkje lenger er medlem av Det Norske Arbeiderparti. Eg vart vald inn i kommunestyret på deira liste. Utmeldinga skuldast ikkje lokale tilhøve, men den kursen partiet har på sentralt hald. Eg vil framleis gjere mitt beste i kommunestyret og i andre samanhengar - no som frittstående representant.-

Ove Alvestad

KONFLIKTRÅD I ALLE KOMMUNER

Konfliktrådene bruker konfrontasjon mellom lovbrøytar og skadelidte som metode. En meglar skal snarest mulig bringe partene sammen til et meglingsmøte, som kan resultere i en avtale. Avtalen kan gå ut på at den påklagede skal betale erstatning enten i form av økonomisk oppgjør eller arbeid.

Konfliktrådsbehandling skal være frivillig for begge parter.

Målet med ordningen er å styrke lokalsamfunnets mulighet til å ta seg av lettere lovbrudd ved å la partene i en konflikt gjøre opp seg i mellom. Gjennom konfliktrådet får offeret selv delta aktivt i å løse saken, og mindre alvorlige saker kan behandles enkelt og hurtig.

BRUKSHUSET TIL KAIEN

Frå og med laurdag den 3. oktober vil Brukshuset ha utsal frå tidlegare kiosk Aurora på kaien i Føresvik. Opningstida vil i første omgang bli som før - laurdagar kl. 10.00 . 12.00.

BOKN BYGDEBLAD

UTGJEVAR:

Bokn kommune
4290 BOKN
Tlf. 04-748500
Postgirokonto nr. 0806 5 68 45 01
Bankgirokonto nr. 3373.07.00305

BYGDEBLADNEMND:

Ingunn Våge
Arvid K. Jøsang
Liv Vatnaland

REDAKTØR:

Reidar Alvestad

ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn.
Utanbygds: kr.100,- pr. år.

ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr.300
Halv side: kr.150
1/4 side: kr. 75
1/8 side: kr. 50
Små privatannonsar: kr.10,-.

FRIST FOR STOFF:

Den 20. i kvar mnd.
Bladet kjem ut med 10 nr. årleg.

TIL SALGS

Sagen 24 f. 1970. 8 - 10 HK
Sabb. Tlf. 04 74 83 31.

INFLUENSAVAKSINE

Influensavaksine kan ein få på
sjukestova eller legekantoret.

Gratisvaksine til hjarte- og
lungesjuka, pasientar med
nedsett immunforsvar, bebuarar
i alders- og sjukeheim og
personar over 65 år.

Andre kan og få kjøpa
influensavaksine.

Kommunehelsetenesta i Bokn

HELSESTASJONEN

er stengd 13. oktober. Evt.
etter avtale 15. oktober.

DANS 17.OKT. ARR: IDRETTSLAGET

BOKN HØYRE

Avholder nominasjonsmøte til
stortingsvalget 1993
mandag den 12.10. kl. 20.00 i
kommunestyresalen, Boknatun.
Alle medlemmer er velkomne.

Styret



Gudsteneste:

- 11.10 kl.11.00 Hausttakkefest
v/ soknepr. Utdeling
av "Mi kyrkjebok" til
4 åringar. Offer til
Rogalandsgarden.
- 25.10 Bededagsgudsteneste.
Soknepresten. Nattverd.
Offer: Lærarakademiet.

Kyrkjebygd sundagsskule

18. oktober kl. 14.00

FOTPLEIE

Det vert fotpleie onsdag den
14. oktober. Påmelding til
sosialkontoret 04 74 85 00.